



MADS  
ERIK  
ODDE

*Logne slåttar*



Reiser er noko dei fleste av oss gjer. Musikalske reiser er det nok færre som gjer. Mads Erik Odde er kanskje ein av dei eg kjenner som har gjort størst reise. Det var ikkje sjølv sagt at denne produksjonen skulle bli ein realitet når han starta ved Norges musikkhøgskole. Han byrja på bachelorstudiet med vanleg trekkspelbass, men fatta etter kvart interessa for melodibassen. Å lære seg denne skikkeleg, og å bruke bassen kreativt, krev hardt arbeid, mot og ståpåvilje. Dette er noko dei færreste vågar å gjøre i ein studiesituasjon. Mads Erik gjorde akkurat det – og lukkast. Når han i tillegg kom inn på det utøvande masterstudiet, var det med eit ønskje om å bruke melodibassen til å forske på korleis slåttemusikken kunne fargeleggjast på nye måtar. Springleikane og lydarlåttane var sentrale element i dette studiearbeidet. Tradisjon og respekten for denne, skulle brynast mot utforskarkrøng og arrangement som testa grenser. Resultatet av dette arbeidet fekk publikum oppleve i 2017, då han fullførte masterstudiet med bravur! Det har vore ei ære å få vere med Mads Erik på denne reisa, først som lærar, og no sidan som samtalepartnar og musikarkollega. Denne produksjonen er i så måte ei sluttføring av ei lang og viktig reise, både for Mads Erik sjølv, og for alle oss som brukar trekkspelen på vår musikalske reise.

Jo Asgeir Lie, produsent



Eg har sidan eg var liten gut hørt felespel. Bestefar, bror, onklar og andre slektnigar har inspirert og påverka meg med felespelet sitt. Eg har støtt likt klangen og dåmen i slåttespel på fele, og eg kan sitje i timesvis å lytte til felespelemenn. Utruleg nok var det trekkspel som skulle bli mitt instrument, men at eg er svært påverka av fela i musiseringa mi er det ikkje tvil om.

Då eg var 10 år kjøpte bestefar Bjørn eit Zero Zette B26 til meg. Trekkspellet var stort og tungt, men eg brukte det nesten kvar dag og dette var starten på mi musikalske reise. Etter tre år på folkemusikklinia på Vinstra vgs, havna eg etterkvar på Norges Musikkhøgskole, og det var her eg verkeleg fann mitt musikalske råk. Eg leita fram gamle slåttar, komponerte nye, noterte dei ned og byrja å arrangere dei for akkordeon, eller trekkspel med melodibass. Etter seks og eit halvt år på musikkhøgskulen vart resultatet eit notehefte, eit utdrag av arbeidet som vart lagt ned desse åra. «20 slåttar arrangert for akkordeon» er utgangspunktet for denne plata. Mykje av stoffet er typisk døl; roleg, beherska og lognt. Å få gje ut ei soloplate er noko eg har drøymt om lengje og eg er stolt av at «Logne slåttar» no endeleg er ute. Eg håpar musikken fell i smak!

Mads Erik Odde

## **1. Gammel-Haugjen**

Springleik av Sigurd Eggen (1883–1964). Sigurd Eggen frå Bøverdalens Lom har mange slåttar etter seg, og denne springleiken som han har laga, er av dei mest brukte.

## **2. Memuruhallingen**

Etter Erling Kjøk (1913–1999). Dette er ein halling som finst fleire stader i flatfeledistriktet, og derfor i mange former. Erling Kjøk lærte denne spreke hallingen av Ola Moløkken (1871–1957), og Erling namna slåtten etter ei spelning på Memurubu Turisthytte.

## **3. Jordmor-Toras bånsull**

Lyarslått av Hans W. Brimi (1917–1998). Tora Hølmo var jordmor i Lom, Skjåk og Vågå i ein mannsalder, og denne slåtten laga Hans W. Brimi til 70-årsdagen hennar i 1993.

## **4. Springleik etter Sigurd Eggen**

Sigurd Eggen kalla visstnok denne springleik for «Solung etter Jakup». Springleiken finst i mange former og er truleg eldgamal. Slåtten går på solungstille på fele.

## **5. Halling etter Sylfest Bø / Byrkveen**

Sylfest Bø (1891–1970) var far til den meir kjende felespelaren og komponisten Magne Bø (1924–2005). Det er Knut Kjøk (1948–2016) som har forma hallingen, ved blant anna å endre taktaarten frå 2/4 til 6/8. «Byrkveen» er ein tradisjonell reinlender som eg lærte for mange år sidan. Bror min, Bjørn Kåre Odde, er her med på fele.

## **6. Dag**

Av Mads Erik Odde. Trekkspelaren Dag Gården frå Vågå gav sommaren 2017 ut CD og notehefte som heiter «Frå streng

til belg». Eg var på platesleppet og full av inspirasjon komponerte eg denne springleiken da eg kom heim. Dag er ein fantastisk utøvar, komponist og arrangør, og eg har ofta henta inspirasjon frå musikken hans.

### **7. Spjotøygardsbakkjen**

Springleik av Sjugurd Garmo (1896–1991). Sjugurd Garmo komponerte omlag 60 slåttar og er ei viktig kjelde for slattemusikken i Lom. Spjotøygardsbakkjen ligg i Garmo.

### **MASTERSUITE**

Da eg byrja på mastergradstudiet på Norges Musikkhøgskule fekk eg i oppgåve av læraren min, Jo Asgeir Lie, å komponere ei suite for trekkspel og strykekvartett. Med skrekkblanda fryd tok eg oppgåva, og «Mastersuite» vart framført på min avsluttande eksamen i desember 2017. Strykarar: Aslak Brimi og Rasmus Kjorstad (fele), Bjørn Kåre Odde (bratsj) og Ida Malene Christensen (cello).

### **8. I Mozartspringleik**

Denne springleiken komponerte eg til Dovrejul, ein musikkfestival arrangert av brørne Per Arne og Bjørn Sigurd Glorvigen. Eg var så heldig å få spele på denne festivalen i 2016.

## **9. II Marsj**

Denne marsjen blei til på eit øvingsrom på Norges Musikkhøgskule i 2016.

## **10. III Sangfuglen**

Springleik som er tileigna min  
tidlegare sambuar og nå gode ven,  
Mari Midtli. Eg er så heldig å få  
musisere saman med sangfuglen  
i ny og ned.

## **11. IV Klopphallingen**

Eg er ihuga Liverpoolsupporter og  
manager Jürgen Klopp har teke  
laget til nye høgder. Sjølv sagt  
måtte tyskaren få ein halling.

## **12. Heimfjellsheilagt**

Lydarslått av Hans W. Brimi. Eg har  
arrangert mange slåttar av Hans W. Brimi  
dei siste åra. Slåttane hans kan tolkast  
på mange vis og det er alltid interessant

å gå laus på. Brimi var glad i seterlivet og  
Heimfjellet, og henta mykje inspirasjon til  
musikken der.

## **13. Polska etter Carl Sved**

Ein trekkspelar týr vanlegvis til Jularbo  
og trekkspelmusikk når det skal spelast  
noko svensk. Eg har alltid likt den svenska  
folkemusikken, og har spelt mykje av den  
rike polskatradisjonen dei har. Carl Sved  
(1843–1921) var felespelar frå Delsbo.

## **14. Oddebros**

Springleik av Aslak Brimi. På ein av  
masterkonsertane mine var temaet nyare  
komposisjonar i tradisjonell stil. Eg spurte  
Aslak om han hadde slåttar som eg  
kunne få lov til å bruke. Nokre dagar  
seinare fekk eg ein flunkande ny spring-  
leik som han hadde kalla «Oddebros».  
Namnet referer til meg og bror min,  
Bjørn Kåre.

## **15. Sløret**

Lydarslått av Hans W. Brimi. Denne lydarslåtten er litt utypisk Brimi, da den går i dur. Samtidig ligg den lyriske dåmen som Hans var kjend for i melodien. Eg spelar denne kvar gong eg har konsert, og etter mi meining er dette ein av dei finaste komposisjonane til Brimi.



Traveling is something most of us do. There are probably fewer of us who go on musical journeys. Of the people I know, Mads Erik Odde has been on one of the greatest journeys. When he began studying at the Norwegian Academy of Music, it was not self-evident that this CD production would become a reality. He started the bachelor's program playing standard accordion bass but eventually became interested in melody bass. Learning this properly and using the bass creatively requires hard work, courage, and determination. This is something few dare to do in an educational setting. Mads Erik did just that – and succeeded. When he was subsequently accepted into the Master of Music Performance program, he immediately wished to use melody bass to research how traditional music could be coloured in new ways. Springleik and

lydarlått tunes were central elements in this coursework. Tradition, and respect for tradition, should be honed against the need to explore, and musical arrangements that push boundaries. An audience got to experience the result of this work in 2017 when he completed the master's program with flying colours! It has been an honour to accompany Mads Erik on this journey, first as a teacher, and later as a conversation partner and colleague. As such, this production marks the completion of a long and important journey, both for Mads Erik himself, and for all of us who play the accordion on our musical journey.

Jo Asgeir Lie, producer

I have heard fiddle playing ever since I was a little boy. My grandfather, brother, uncles, and other relatives have inspired and influenced me with their fiddle playing. I have always liked the sound and the flavour of traditional music on the fiddle, and I can sit for hours listening to fiddle players. Incredibly, it was the accordion that became my instrument, but there is no doubt that I am very influenced by the fiddle in my music-making.

When I was 10 years old my grandfather, Bjørn, bought me a Zero Zette B26. The accordion was large and heavy, but I played it almost every day, and this was the start of my musical journey. After three years in the folk music program at the high school in Vinstra, I eventually ended up at the Norwegian Academy of Music, and it was here that I really found my musical

path. I dug up old tunes, composed new ones, transcribed them and began arranging them for accordion. After six and a half years at the Norwegian Academy of Music, the result was a book of transcriptions, an excerpt of the work I did during these years. 20 slåttar arrangert for akkordeon (20 Tunes Arranged for Accordion) is the point of departure for this album. Much of the material is typical Gudbrandsdalen music: relaxed, restrained, and calm. I have dreamed about releasing a solo album for a long time, and I am proud that Logne slåttar is finally out. I hope you enjoy the music!

Mads Erik Odde

## **1. Gammel-Haugjen**

A springleik written by Sigurd Eggen (1883–1964). There are many tunes after the playing of Sigurd Eggen from Bøverdalens Lom, and this springleik he composed is one of the most often-played of his tunes.

## **2. Memuruhallingen**

After the playing of Erling Kjøk (1913–1999). This is a halling that can be found several places in the flat fiddle district, and it therefore has many forms. Erling Kjøk learned this lively halling from Ola Moløkken (1871–1957), and Erling named the tune after a time when he played at Memurubu Tourist Hut.

## **3. Jordmor-Toras bånsull**

A listening tune (lyarslått) written by Hans W. Brimi (1917–1998). Tora Hølmo was a midwife in Lom, Skjåk, and Vågå

for her entire life, and Hans W. Brimi composed this tune for her 70<sup>th</sup> birthday in 1993.

## **4. Springleik etter Sigurd Eggen**

Sigurd Eggen supposedly called this springleik "Solung etter Jakup". The tune can be found in many forms and is probably ancient. The tune is played in solungstille ("solung" tuning) on fiddle.

## **5. Halling etter Sylfest Bø / Byrkveen**

Sylfest Bø (1891–1970) was the father of the more well-known fiddle player and composer Magne Bø (1924–2005). Knut Kjøk (1948–2016) shaped this halling, among other things by changing the time signature from 2/4 to 6/8. "Byrkveen" is a traditional reinlender that I learned many years ago. My brother, Bjørn Kåre Odde, plays fiddle here.

## **6. Dag**

Composed by Mads Erik Odde.

Accordion player Dag Gården from Vågå released a CD and book of transcriptions called "Frå streng til belg" in the summer of 2017. I was at the album release and, full of inspiration, I composed this springleik when I came home. Dag is a fantastic performer, composer, and arranger, and I have often taken inspiration from his music.

## **7. Spjotøygardsbakkjen**

A springleik written by Sjugurd Garmo (1896–1991). Sjugurd Garmo composed around 60 tunes and was an important source of traditional music in Lom. Spjotøygardsbakkjen is in Garmo.

## **MASTERSUITE**

When I started the master's degree program at the Norwegian Academy of Music, my teacher, Jo Asgeir Lie, gave me the task of composing a suite for accordion and string quartet. I took on the task with frightened delight, and "Mastersuite" was performed at my final exam in December 2017. String players: Aslak Brimi and Rasmus Kjorstad (fiddle), Bjørn Kåre Odde (viola), and Ida Malene Christensen (cello).

## **8. I Mozartspringleik**

I composed this springleik for Dovrejul, a music festival arranged by the brothers Per Arne and Bjørn Sigurd Glorvigen. I was lucky enough to get to play at this festival in 2016.

### **9. II Marsj**

This march came into being in a practice room at the Norwegian Academy of Music in 2016.

### **10. III Sangfuglen**

A spangleik that is dedicated to my former partner and good friend, Mari Midtli. I am lucky enough to get to play music with this "song bird" (sangfuglen) every once in a while.

### **11. IV Klopphallingen**

I am an eager Liverpool supporter, and manager Jürgen Klopp has taken the team to new heights. Of course the German had to have his own halling tune.

### **12. Heimfjellsheilagt**

A listening tune composed by Hans W. Brimi. I have arranged many tunes by Hans W. Brimi in recent years. His tunes can be interpreted in many ways, and it is always an interesting challenge. Brimi was fond of spending time at the summer farm and on Heimfjell mountain, and got a lot of inspiration for his music there.

### **13. Polska etter Carl Sved**

An accordion player normally resorts to playing Jularbo and accordion music when asked to play something Swedish. I have always liked Swedish folk music and have played a lot of the rich polska tradition they have. Carl Sved (1843–1921) was a fiddle player from Delsbo.

## **14. Oddebros**

A springleik composed by Aslak Brimi. The theme of one of my master's recitals was newer compositions in traditional style. I asked Aslak if he had any tunes I could use. A few days later I received a brand new springleik he had called "Oddebros". The name refers to me and my brother, Bjørn Kåre.

## **15. Sløret**

A listening tune composed by Hans W. Brimi. This listening tune is a bit atypical for Brimi, as it is in a major key. However, the lyrical quality Hans was known for can be found in the melody. I play this tune every time I play a concert, and in my opinion this is one of Brimi's finest compositions.

Innspelt, miksa og mastra hos Tor Magne

Hallibakken september 2019 og januar

2020

Produsent: Jo Asgeir Lie

Medprodusent: Kristoffer Kleiveland

Medverkande: Bjørn Kåre Odde (fele og  
bratsj), Aslak Brimi (fele),

Rasmus Kjorstad (fele) og Ida Malene

Christensen (cello)

Engelsk tekst: Laura Ellestad

Foto: Lars Evensen

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Arrangement: Alle arrangementa er gjort  
av Mads Erik Odde

Gjeve ut med støtte frå: Fond for

Utvendige kunstnere, Gudbrandsdal

Folkemusikkklag, Stiftinga G-Kultur, Lom  
Kommune, Lom Spel- og dansarlag og  
Sel og Otta Spel- og dansarlag

### **For booking:**

[madserikodde@gmail.com](mailto:madserikodde@gmail.com)

[facebook.com/oddemusikk](http://facebook.com/oddemusikk)



TA218CD